



Etne Betong AS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1686 - 14/10964

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
07.05.2014

## Endra vedtak etter klage - gbnr 16/33 Askeland nordre - flytebrygge

### Delegert vedtak:

Klagen vert teken til følgje og løyve til tiltak med dispensasjon vert endra:

- Tiltaket vert endra til flytebrygge med **storleik opp til 3 x 8 meter**. Brygge med landgang skal nå maksimalt 10 m ut frå eksisterande kai. Fenderverk kan komma i tillegg til breidda.
- Reviderte teikningar med situasjonsplan som viser innmålt plassering skal leverast saman med søknad om ferdigattest.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova §19-1 jf § 19-2 og § 20-1.

Elles gjeld vilkår, heimel og grunngjeving i delegert vedtak datert 25.03.2014.

-----

**Løyve til tiltak med dispensasjon** vart gjeve i vedtak datert 25.03.2014 med følgjande dimensjon på anlegget:

*«Dispensasjonen omfattar flytebrygge med **storleik opp til 3 x 6 meter**. Brygge med landgang skal nå maksimalt 10 m ut frå eksisterande kai.»*

Dispensasjonsvedtaket vart sendt til regionale plan- og hamnestyresmakter til **klagevurdering**. Det har ikkje komme klage frå nokon av desse.

**Tiltakshavar** har komme med merknad/spørsmål til vedtaket i brev datert 14.04.2014. Vi handsamar det som ein klage på kommunen sitt vedtak i delegert sak datert 25.03.2014. Han viser til at den godkjende brygga på 8 m lengde ikkje gjev godt nok vern mot nordavinden, med ei opning på 4 m mot kaien. Forholdet vert betydeleg betra om brygga kan forlengast med to meter inn mot kaien. Total lengde på anlegget målt frå kaien vert den same som det kommunen har godkjent.

#### **Vurdering:**

Dei endringane som er skissert i klagen er innafør dei ytre avgrensingane av anlegget som er godkjent i løyvet. Det vesentlege er at konstruksjonen ikkje stikk lenger ut frå kaien enn 10 m. Om brygga går lenger inn mot kaien enn det som først var godkjent, vil ikkje ha noko å seia for arealbruken eller for det visuelle inntrykket av tiltaket.

Lindås kommune kan godta brygge på 3 x 8 m, som stikk maks 10 m ut frå eksisterande kai. I søknaden er nemnt at trekledning rundt betongbrygga kjem i tillegg. Dette kan godtakast som ein del av fenderverket.

Sidan totale yttermål for tiltaket ikkje er endra finn ikkje kommunen grunn til å senda det nye dispensasjonsvedtaket til klagevurdering,

#### **Klagerett.**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjævast.

#### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Etne Betong AS

Kjell Harald Nedreaas

Askelandsvågen 58 5993

OSTEREIDET